

Årsmelding for 2017 Gjetarhundnemnda i SFSG

Gjetarhundnemnda i Sogn og Fjordane Sau og Geit har vore samansett slik i 2017:

Leiar: Odd-Jarle Øvreås, SFSG
Nestleiar: Kurt Magne Fardal, Indre Sogn
Sekretær: Roger Løvik, Sunnfjord og Ytre Sogn
Styremedlem: Knut Alsaker, Nordfjord

Nemnda har hatt 2 styremøte i årsmøteperioden.

Indre Sogn gjetarhundlag arrangerte Norgesserieprøve på Vassbakken i Luster 23. og 24. september. Mange frå Sogn og Fjordane gjorde det godt der. Nordfjord gjetarhundlag arrangerte fylkesmeisterskap i Stryn 1. oktober. Det var eit flott arrangement. Ein hadde eigen finalerunde med dobbelthenting. Halvor Tenden med Adam vart fylkesmeister. Halvor Tenden med Trixie og Magnus Grimeland med Sanki stilte på NM frå Sogn og Fjordane. Takk for god innsats.

Takk òg for innsatsen til Magnus Grimeland og Sanki på landslaget i 2017.

I norsk unghundmeisterskap gjorde Halvor Tenden med Trixie og Kurt Magne Fardal med Sting og Moss det veldig bra. På nordisk unghundmeisterskap i Danmark stilte Kurt Magne Fardal med Sting og Moss og fekk ein imponerende 3. plass med Moss. Gratulerer!

Team Sogn og Fjordane har ikkje vore så aktive i 2017, men me satsar på auka aktivitet i 2018. Rundt om i dei ulike laga er det god aktivitet og det er flott. NSG har vedteke 4 satsingsområde framover. Eit av desse er at ein ynskjer fleire gjetarhundar i aktiv bruk på gardane rundt om i Noreg. Det er bra. Ein god gjetarhund er til svært god hjelp og me ynskjer at fleire skal sjå nytten i og få hjelp av gjetarhunden i arbeidet på gardane rundt om i fylket. Det vart oppnådd 6 nye bruksprov i Sogn og Fjordane i 2017.

For gjetarhundnemnda i Sogn og Fjordane

Odd-Jarle Øvreås